



## Tilsynsutvalet i Hordaland

**Fagerli stølssameige  
Arvid Ystanes  
Øvre Børve  
5773 HOVLAND**

Vår ref. 16/1300-17  
Jp.id. 17/1918

Saksh. Anne Gerd Nysveen  
Tlf. 53671535

Arkiv  
N - 468

Dato  
21.02.2017

### **Avslag på søknad om køyring med snøskuter gjennom nasjonalparken.**

Viser til din søknad om køyring med snøskuter frå Garen evtn. Våkavad til felles gjetarbu på Klyvjahaugen over Børve, i utmark i Ullensvag herad.

Det er søkt om transport av ved samt for vedlikehald av den felles gjetarbu, som er tilhøyrande Fagerli stølssameige. Du skriv vidare at det er ein lang køyretur, så det er behov for følgjemann med eigen snøskuter.

Tilsynsutvalet i Hordaland for Hardangervidda nasjonalpark handsama søknaden i møte 16.02.2017 sak 09/2017 og gjorde fylgjande **vedtak**:

Fagerli Stølssameige v/Arvid Ystanes vert oppmoda om å transportera til gjætarhytta på Klyvjahaugen over Børve frå Skjeggedal via Topp for unngå lang køyring gjennom nasjonalparken til mål som ligg i utmark i Ullensvang.

#### **Klagerett:**

Dette vedtaket kan klagast på til Miljødirektoratet (MD) av part i saka eller andre med rettsleg klageinteresse, jamfør forvaltningslova § 28. Klagefrist er 3 veker etter at ein er gjort kjent med vedtaket. Eventuell klage skal stilast til MD, men sendast til Tilsynsutvalet i Hordaland, Heradshuset, 5780 Kinsarvik.

Med helsing  
Tilsynsutvalet i Hordaland

Anne Gerd Nysveen  
Sakshandsamar